

Heimel: Fastsett av Bremanger kommunestyre xx.xxx 2026 med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven) § 26 og forskrift 22. mars 2002 nr. 313 om utøvelse av jakt, felling og fangst § 29a fjerde ledd.

§ 1.Føremål

Føremålet med forskrifta er å bidra til ei berekraftig forvaltning av hjortebestanden i Bremanger kommune samt å redusere alvorleg skade på natur- og samfunnsinteresser som følge av høg bestandstettleik av hjort, mellom anna beiteskadar på innmark og skog, viltpåkøyrslar og andre uønskte konsekvensar.

§ 2.Verkeområde

Forskrifta gjeld ved ordinær jakt på hjort innanfor grensene til Bremanger kommune.

Forskrifta gjeld berre ved jakt i ope terreng.

Med ope terreng er det meint terreng som stort sett er fritt for hindringar som bygningar og tre. Eksempel på dette er åker, eng og beitemark. Det kan også vere opne areal på skogsmark, som hogstflater, naturlege opningar utan høgt feltsjikt- og buskvegetasjon og område der skogen er høgstamma og glissen.

§ 3.Bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel

Ved jakt på hjort er det tillate å nytte restlysforsterkande og termiske siktemiddel

Bruken skal skje i samsvar med gjeldande regelverk.

§ 4.Rapporteringsplikt

Jeger som feller hjort ved bruk av restlysforsterkande eller termiske siktemiddel skal rapportere dette i Hjorteviltregisteret.

§ 5.Evaluering

Bremanger kommune skal vurdere behovet for vidareføring av forskrifta minst kvart femte år.

Vurderinga skal byggje på tilgjengeleg kunnskap om bestandsutviklinga for hjort, omfanget av beite- og skogskadar, viltpåkøyrslar, måloppnåing i hjorteviltforvaltninga og erfaringar med bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel.

Kopi av vurderinga skal sendast Landbruksdirektoratet.

§ 6.Ikraftsetjing

Forskrifta tek til å gjelde frå xx. xxx 2026.